**Agder Sekretariat KO**
**Sekretariat for kontrollutvalg i Agder**

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

**Til kontrollutvalets medlemmar:**
Olav Mandt (leiar), Tor Hallvard Mosdøl (nestleiar), Ingrid Helle (medlem), Anne Blix Grimestad (medlem), Geir Anders Breive (medlem)

# INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid/stad: Onsdag 11. november 2026 kl. **09.00**, møterom kommunestyresalen

## SAKSLISTE

| | |
|---|---|
| SAK 18/26 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 24.09.26 |
| SAK 19/26 | KONTROLLUTVALETS ÅRSPLAN 2027 |
| SAK 20/26 | EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON SETESDAL BRANNVESEN IKS |
| SAK 21/26 | REVISOR ORIENTERAR |

**Fast post**
Videre arbeid i kontrollutvalet:

**Eventuelt**

**Referatsaker**

| | |
|---|---|
| Ref. 07/26 | Klage - Sak 2024/357-10 - tilsynsrapport for gbnr. 2/1824, krav om ulovlighetsoppfølging og samordnet klagebehandling, datert 05.10.26 |
| Ref. 08/26 | Anmodning om gjenåpning – Misforståelse av faktum og ansvarsforhold i sak Ref. 05/26 *Klage på manglende saksbehandling, manglende arkivering og uriktige opplysninger i byggesaker,* datert 05.10.26 |
| Ref. 09/26 | Klage på avvisning av klage – sak 2026/453-3 (gnr. 2, bnr. 1824), datert 19.10.26 |
| Ref. 10/26 | PURRING: Manglende svar på klager/henvendelser av 21.09 og 30.09.2026 – gbnr. 2/1824, datert 21.10.26 |
| Ref. 11/26 | Klage på avvisning av klage – sak 2026/453-3 (gnr. 2, bnr. 1824), datert 19.10.26 |
| Ref. 12/26 | Varsel om grovt pliktbrudd og økonomisk risiko – Kommunedirektørens sabotasje av fire statlige pålegg fra Statsforvalteren, lovpålagt oppfølging av klager på ulovlige byggetiltak og uforsvarlig saksbehandling, datert 02.11.26 |
| Ref. 13/26 | Protokoll styremøte Setesdal brannvesen IKS |

Eierkommuner:
Bygland, Bykle, Evje og Hornnes, Farsund, Flekkefjord, Hægebostad, Iveland, Kvinesdal, Lindesnes, Lyngdal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Willy Gill
Telefon: 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Rådgiver Inger Lise Austrud
Telefon: 91 86 99 75
E-post: inger.lise.austrud@asekretariat.no

**Agder Sekretariat**
**Sekretariat for kontrollutvalg i Agder**

Bykle, 4. november 2026

Olav Mandt
Leiar

Inger Lise Austrud
Utvalssekretær

Forfall og inhabilitet bes meldt til Inger Lise Austrud, tlf. 918 69 975 / ila@asekretariat.no
Kopi til: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

**Agder Sekretariat KO**

**Kontrollutvalet i Bykle kommune**

**Sak 18/26**
**Møtedato: 11.11.26**
**Sakshandsamar: ILA**

## SAK 18/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 24.09.26

**Vedlegg:**
Forslag til møteprotokoll frå møte 24.09.26

**Bakgrunn for saka:**
Forslag til protokoll frå møte 24.09.26 vert lagt fram for godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 24.09.26 vert godkjent.

2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

**BYKLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET**

# MØTEBOK

Møte nr. 03/26
Dato: 24.09.2026 kl. 09.00 – ca. kl. 10.45
Stad: Bykle Hotel

| Til stades: | Andre til stades (heile eller deler av møtet): |
|---|---|
| Olav Mandt, leiar<br>Bernt Einar Berntsen, varamedlem<br>Anne Blix Grimestad, medlem<br>Peik Bachmann, varamedlem<br><br>Forfall:<br>Ingrid Helle, medlem<br>Tor Hallvard Mosdøl, nestleiar<br>Geir Anders Breive, medlem | Agder Kommunerevisjon IKS v/ Maren Stapnes, Tor Ole Holbek og Torjus Finstad Ledaal<br>Agder Sekretariat KO v/ Inger Lise Austrud<br>Administrasjonen v/ Helene Nilsen (HR sjef) og Trine Lise Enersen (kommunalsjef)<br>Ordførar Hans Blattmann |

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

# SAKSLISTE

| | |
|---|---|
| SAK 12/26 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 06.05.26 |
| SAK 13/26 | OVERORDA REVISJONSSTRATEGI 2026 BYKLE KOMMUNE |
| SAK 14/26 | BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I BYKLE KOMMUNE 2027 |
| SAK 15/26 | VALGT OMRÅDE FOR ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA |
| SAK 16/26 | FORELØPIG INNBERETNING - NUMMERERT BREV NR. 3-2026 FRÅ REVISOR |
| SAK 17/26 | REVISOR ORIENTERAR |

**Fast post**
Videre arbeid i kontrollutvalet:

**Eventuelt**

**Referatsaker**

| | |
|---|---|
| Ref. 04/26 | Førespurnad til kontrollutvalet |
| Ref. 05/26 | Klage på manglende saksbehandling, manglende arkivering og uriktige opplysninger i byggesaker Klage på vedtak i sak 2026/453-3, datert 29.08.26 |
| Ref. 06/26 | Klage på vedtak i sak 2026/453-3, datert 06.09.26 |

Underskrift

Olav Mandt
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

## SAK 12/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 06.05.26

**Handsaming i møte:**
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**
1. *Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 06.05.26 vert godkjent.*

2. *Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen*

**Saksutgreiing:** **Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**
Forslag til møteprotokoll frå møte 06.05.26

**Bakgrunn for saka:**
Forslag til protokoll frå møte 06.05.26 vert lagt fram for godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 06.05.26 vert godkjent.

2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

## SAK 13/26 OVERORDA REVISJONSSTRATEGI 2026 BYKLE KOMMUNE

**Handsaming i møte:**
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**
*Kontrollutvalet tek overordna revisjonsstrategi 2026 for Bykle kommune til orientering.*

**Saksutgreiing:** **Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**
Overordna revisjonsstrategi 2026 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 05.08.26

**Bakgrunn for saka:**
Etter kommunelova § 23-2 første ledd bokstav a, skal kontrollutvalet sjå til at kommunens rekneskap blir revidert på ein forsvarleg måte.

I forskrift om kontrollutval og revisjon §3 går det fram at kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og mellom anna sjå til at:
*a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
*b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instrukser og avtaler med revisor*

Orientering om den overordna revisjonsstrategien og revisjonen si risikovurdering er ein viktig del av kontrollutvalet sitt arbeid med å følgje opp påseansvaret overfor rekneskapsrevisor.

Den overordna revisjonsstrategien omfattar heile kommunen og gjer greie for føremålet med revisjonen, ei førebels vurdering av risiko, kommunen sin økonomiske situasjon, informasjon om risikostyring og økonomisk internkontroll, fastsetjing av vesentlegheitsgrense, samt revisjonsplan. Strategien er det overordna planleggingsdokumentet for gjennomføringa av rekneskapsrevisjonen.

Revisjonen vil presentere strategien i møtet og svare på eventuelle spørsmål frå utvalet.

**Vurderingar:**
Føremålet med kontrollutvalet si handsaming av den overordna revisjonsstrategi er å sikre at utvalet tek vare på ansvaret sitt for å sjå til at revisjonen av kommunen sitt rekneskap blir gjennomført på ein forsvarleg måte.

**Framlegg til vedtak:**
Kontrollutvalet tek overordna revisjonsstrategi 2026 for Bykle kommune til orientering.

## SAK 14/26 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I BYKLE KOMMUNE 2027

**Handsaming i møte:**
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. *Kontrollutvalet tilrår en budsjettramme for kontrollarbeidet i Bykle kommune for 2027 på kr 1 372 900*

2. *Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.*

**Saksutgreiing:** **Sakshandsamar: Willy Gill**

**Vedlagte saksdokument:**
1. Vedteke budsjett for Agder Sekretariat KO
2. Agder Kommunerevisjon IKS – delbudsjett Bykle 2027

**Bakgrunn for saka:**
Kommunen skal ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget inneheld difor lovpålagte oppgåver. Budsjettframlegget er delt inn i 3 hovudgrupper; kontrollutvalet sine utgifter, utgifter til revisjonstenester og til sekretariat.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementets Veileder om kontrollutvalets rolle og oppgåver s. 16, seier bl.a. at: Kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett. I budsjettet må kontrollutvalet synleggjere kontrollutvalets eigne kostnader og kostnader knytt til revisjonsaktiviteter.

Videre står det noko om kven som kan gjera endringar i kontrollutvalets budsjett: Budsjettframlegg frå kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

Grunnen til at kontrollutvalets budsjett er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere.
Kontrollutvalets budsjettframlegg skal difor uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har naudsynt informasjon om kva for eit budsjett kontrollutvalet treng for å utøve sin funksjon.
Når det gjelder betaling for tenester som vert kjøpt av revisjonsselskapet og sekretariatet for kontrollutvala, vert desse fastsett av hhv. representantskapet for revisjonen og av styret for sekretariatet og kan berre endrast av desse.

## Agder Sekretariat KO

Driftstilskotet skal dekkje den normale aktiviteten i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, oppfølging av vedtaka i kontrollutvalet, arkivhald med meir.

Agder Sekretariat KO er omdanna til eit kommunalt oppgåvefellesskap, og representantskapet fastsette budsjettet for 2027 i møte 19.06.26. Vedlagt følgjer utskrift av representantskapet si handsaming av økonomiplanen med budsjett for 2027. Kriteria for fordeling av utgiftene er ein fast del, samt ein variabel del som blir berekna med utgangspunkt i talet på innbyggjarar og talet på møte i kontrollutvala.

Det er budsjettert med fem møte i kontrollutvalet i 2027.
Driftstilskotet frå Bykle kommune til Agder Sekretariat blir auka frå kr 185 000 i 2026 til kr 193 000 i 2027. Denne auken tilsvarer om lag 4 %.

Deltakartilskotet for 2027 blir fordelt slik mellom deltakarkommunane:

Tabell: Utvikling i deltakertilskudd

| Deltakerkommune | **Tilskudd 2027 (B)** | Tilskudd 2026 (R) | Tilskudd 2025 (R) |
|---|---|---|---|
| Bygland | **194.000** | 186.000 | 178.000 |
| Bykle | **193.000** | 185.000 | 178.000 |
| Evje og Hornnes | **216.000** | 207.000 | 199.000 |
| Farsund | **266.000** | 255.000 | 244.000 |
| Flekkefjord | **261.000** | 251.000 | 240.000 |
| Hægebostad | **199.000** | 191.000 | 183.000 |
| Iveland | **195.000** | 188.000 | 180.000 |
| Kvinesdal | **235.000** | 226.000 | 216.000 |
| Lindesnes | **393.000** | 379.000 | 362.000 |
| Lyngdal | **288.000** | 276.000 | 264.000 |
| Sirdal | **200.000** | 192.000 | 184.000 |
| Valle | **194.000** | 187.000 | 179.000 |
| Åseral | **191.000** | 184.000 | 176.000 |

*) Avrundet til nærmeste hele 1000 kr.

For nærmere informasjon vises det til vedlagte sak om økonomiplan/budsjett frå representantskapet.

**Agder Kommunerevisjon IKS:**
I medhald av lov om interkommunale selskap § 18 og 20 skal representantskapet vedta budsjett for komande kalenderår og ei gong i året vedta selskapets økonomiplan.

I medhald av selskapsavtalen ligg det til representantskapets mynde å vedta budsjett og økonomiplan, herunder å bestemme den nærmare fordelinga av utgifter på den enkelte kommune og verksemd. Vedteke budsjett/økonomiplan skal sendast eigarane innan 10. oktober før budsjettåret for innarbeiding i deltakarkommunens årsbudsjett.

Sekretariatet har motteke delbudsjett for 2027 frå Agder Kommunerevisjon IKS. Der er det lagt inn ei auke i tilskotet til revisjonen med 4,4% frå året før.

I tillegg kjem kr 65 000 til forenkla etterlevelseskontroll. Samla revisjonstilskot for 2027 utgjer dermed kr 994.000.
Tilskotet skal dekke rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll m.m.

For ytterlegare informasjon om budsjettet syner ein til det vedlagte delbudsjett frå revisjonen.

Revisjonen vil vere til stades i møte og kan kommentere budsjettet ytterlegare og svare på eventuelle spørsmål.

**Kontrollutvalet sine utgifter:**
Budsjettet for kontrollarbeidet skal omfatte kontrollutvalets samla verksemd.
Det er lagt inn ei auke tilsvarande forventa prisvekst.

**Budsjettframlegget:**
Det framlagte budsjettframlegg for kontrollarbeidet bygger på:

- Førre års budsjettramme
- Delbudsjett Bykle for Agder Kommunerevisjon IKS for 2027
- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat KO for 2027

| **Kontrollbudsjett Bykle kommune** | **Budsjettframlegg 2027** | **Vedteke budsjett 2026** |
|---|---|---|
| Tilskot til revisjonen | Kr. 994.000 | Kr. 952.500 |
| Kommunen sin del av sekretariatstenester | Kr. 193.000 | Kr. 185.000 |
| <u>Kontrollutvalets utgifter:</u> | | |
| Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste m.m. | Kr. 50.800 | Kr. 48.900 |
| Kurs og opplæring: | Kr. 43.200 | Kr. 41.600 |
| Bevertning: | Kr. 5.400 | Kr. 5.000 |
| Andre konsulenttenester: (ekstra ressursar til forvaltingsrevisjon, eigarskapskontroll mv.) | Kr. 86.500 | Kr. 83.200 |
| **Totalbudsjett** | **Kr. 1.372.900** | **Kr. 1.316.400** |

**Framlegg til vedtak:**

1. Kontrollutvalet tilrår en budsjettramme for kontrollarbeidet i Bykle kommune for 2027 på kr 1 372 900

2. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.

## SAK 15/26 VALGT OMRÅDE FOR ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

**Handsaming i møte:**
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**
*Kontrollutvalet tek risiko- og vesentlegvurderinga for forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga i Bykle kommune til orientering.*

**Saksutgreiing:** **Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**
Risiko- og vesentlegvurdering for forenkla etterlevingskontroll frå Agder Kommunerevisjon IKS.

**Bakgrunn for saka:**
I kommunelova § 24-9 står det følgande om revisors oppgåve:

*Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.*

*Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.*

*Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.*

**Saksframstilling:**
Ansvaret for oppgåva ligg hos rekneskapsrevisor, og lova legg opp til at det skal utarbeidast ein uttale basert på arbeid med moderat grad av sikkerheit.

Det går fram av risiko- og vesentlegvurderinga at revisor, etter ei samla vurdering har valt ut rutinar for kommunale leigeforhold som område for etterlevingskontrollen.

Revisor vil sjå på etterleving av følgjande forhold:
- *at kommunen har oversikt over alle leigeforhold*
- *at det ligg føre ein signert leigeavtale mellom kommunen som utleigar og leigetakar*

- *at fakturert leige samsvarer med gjeldande leigeavtale, medrekna avtalte reguleringar av leiga*

Den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga vil bli gjennomført og rapportert til kontrollutvalet innan den lovpålagde fristen 30. juni 2027.

Rekneskapsrevisor vil vere til stades i møtet.

**Vurdering:**
Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen eller forvaltningsrevisjonen, men fungerer som eit supplement til desse. Kontrollutvalet sitt ansvar er avgrensa til å sjå til at slik kontroll blir gjennomført, samt å halde seg orientert om risiko- og vesentlegvurderinga og resultata frå kontrollen.

Denne typen kontroll styrkjer kontrollutvalet sitt grunnlag for å ivareta ansvaret for å føre tilsyn med at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lovverk og politiske vedtak.

**Framlegg til vedtak:**
Kontrollutvalet tek risiko- og vesentlegvurderinga for forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga i Bykle kommune til orientering.

## SAK 16/26 FORELØPIG INNBERETNING - NUMMERERT BREV NR. 3-2026 FRÅ REVISOR

**Handsaming i møte:**

Lukking av møte:
Leiar foreslo å lukke møtet under orientering frå revisor med henvisning til Kommunelova § 11-5 – jf. Offentleglova §24.

Utvalet drøfta dette og vedtok følgande:

**Vedtak:**
*Kontrollutvalet lukker møtet under orientering frå revisor med henvisning til Kommunelova § 11-5 – jf. Offentleglova §24.*

Møtet blei lukka. Revisor orienterte i saka.

Møtet blei opna att.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**
*Kontrollutvalet tar revisors foreløpige innberetning til orientering.*
*Kontrollutvalet ber om å bli forelagt endeleg innberetning når saka er endeleg klarlagt.*

**Saksutgreiing:** **Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**
Agder Kommunerevisjon IKS nr. brev 3-2026 datert 18.09.26, unntatt offentligheit, jf. offl. §24, 1. ledd. (ettersendes i egen forsendelse)

**Bakgrunn for saka**:
I henhold til kommunelova § 24-7 skal revisor straks sende ei foreløpig innberetning til kontrollutvalet om det vert konstatert misligheter ved revisjon eller på anna måte. Når saksforholdet er nærmare kartlagt skal revisor sende ei endeleg innberetning som nummerert brev med kopi til kommunedirektør.

**Saksopplysningar:**
Kontrollutvalet ved sekretariatet har mottatt nummerert brev nr. 3-2026 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 18.09.26.

Revisor vil orientere om innholdet i brevet i møte og kan svare på eventuelle spørsmål.

**Vurderingar:**
Brevet er unntatt offentlegheit jf. offl. § 24, 1. ledd. På grunn av at saka inneheld opplysningar som er unnateke offentlegheit etter lovverket må utvalet lukke møte under handsaminga jf. koml. § 11-5.

**Framlegg til vedtak:**
Kontrollutvalet tar revisors foreløpige innberetning til orientering.
Kontrollutvalet ber om å bli forelagt endeleg innberetning når saka er endeleg klarlagt.

## SAK 17/26 REVISOR ORIENTERAR

**Handsaming i møte:**
Rekneskapsrevisjon:
Revisor jobbar med fleire ulike oppgåver gjennom året. Dette inneber mellom anna løpande kontroll av meirverdiavgift (MVA), samt innhenting og gjennomgang av rutinar knytte til verksemda si økonomihandtering.
Revisor skal i gong med arbeidet med forenkla etterlevingskontroll og interimsrevisjon.

Forvaltingsrevisjon:
Rapporten om eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Setesdal Brannvesen IKS blir sannsynlegvis lagd fram for utvalet i neste møte.
Forvaltningsrevisjon om samfunnstryggleik og beredskap er under arbeid. Det er dialog med Statsforvaltaren i samband med arbeidet, og rapporten er planlagd lagd fram på det første møtet i 2027.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**
*Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.*

**Saksutgreiing:** **Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Bakgrunn for saka:**
Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.
Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

**Framlegg til vedtak:**
Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

**Fast post**
Videre arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet 11.11.26

**Eventuelt**

**Referatsaker**
Ref. 04/26 Førespurnad til kontrollutvalet

*Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.*

*Kontrollutvalet vurderer, på bakgrunn av dei opplysningane som ligg føre, og ei samla vurdering av kapasitet og tilgjengelege ressursar, at ein ikkje følgjer opp saka vidare på noverande tidspunkt. Kontrollutvalet ber samstundes revisor ta med seg opplysningane som kjem fram i saka som eit relevant innspel i arbeidet med komande ROV (risiko- og vesentlegvurderingar).*

Ref. 05/26 Klage på manglende saksbehandling, manglende arkivering og uriktige opplysninger i byggesaker Klage på vedtak i sak 2026/453-3, datert 29.08.26

*Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.*

*Kontrollutvalet syner til brev frå Statsforvalteren datert 26.06.25.*
*Kontrollutvalet vurderer, på bakgrunn av dei opplysningane som ligg føre, at det ikkje er aktuelt å følgje opp saka vidare på noverande tidspunkt.*
*Saka blir med dette rekna som avslutta frå kontrollutvalet si side.*

Ref. 06/26 Klage på vedtak i sak 2026/453-3, datert 06.09.26

*Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.*
*Kontrollutvalet vurderer, på bakgrunn av dei opplysningane som ligg føre, at det ikkje er aktuelt å følgje opp saka vidare på noverande tidspunkt.*
*Kontrollutvalet ber samstundes revisor ta med seg opplysningane som kjem fram i saka, som eit relevant innspel i arbeidet med komande risiko- og vesentlegvurderingar.*

**Agder Sekretariat KO**

**Kontrollutvalet i Bykle kommune** **Sak 19/26**
**Møtedato: 11.11.26**
**Sakshandsamar: ILA**

## SAK 19/26 KONTROLLUTVALETS ÅRSPLAN 2027

**Vedlegg:**
Framlegg til årsplan for 2027

**Bakgrunn for saka:**
Det er etablert ein praksis med å utarbeide ein årsplan for kontrollutvalet.
Sekretariatet har laga eit forslag til årsplan som blir lagt fram for godkjenning i utvalet.

Årsplanen skal ikkje forståast som ei fullstendig oversikt over alle oppgåver og saker som kontrollutvalet vil handsame i løpet av året, men legg vekt på dei oppgåvene utvalet etter lov og forskrift er pålagt å handsame. I tillegg til dei faste sakene kan det i løpet av året oppstå førespurnader og problemstillingar som vert drøfta i utvalet.


Kontrollutvalet blir oppmoda om å kome med innspel til planen, og blir bedne om å vurdere eventuelle orienteringar.

**Framlegg til vedtak:**

Framlegg til kontrollutvalets årsplan for 2027 vert vedteke.

Bykle kommune

# Kontrollutvalets årsplan 2027



Agder Sekretariat KO

## INNLEDNING

Kommunestyret har etter kommunelova § 22 det øvste ansvaret for å kontrollere kommunens verksemd. Etter kommunelovas § 23-1 vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som skal føre løpande tilsyn på deira vegne.

Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevje ei kvar opplysning, utgreiing eller eit kvart dokument og gjera dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene. Kontrollutvalet skal likevel ikkje overprøve politiske beslutningar og har ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret.

## KONTROLLUTVALETS VERKSEMD

Kontrollutvalets møter vert haldne i kommunehuset i Bykle, i kommunestyresalen. Møta startar kl. 09.00 og er opne for alle.
Utvalet har fastsett møteplan for 2027 og det vert lagt opp til 5 møte. Ved behov vert det avhalde fleire møte.
For å sikre at kontrollutvalet er uavhengig av både administrasjon og revisjon skal utvalet i tråd med kommunelova §23-7 ha ein eigen administrasjon. Dette vert ivareteke av Agder Sekretariat KO som har ansvar for at sakene er forsvarleg utgreia og at utvalets vedtak vert iverksett.

## KONTROLLUTVALETS OPPGÅVER

### Kontrollutvalets oppgåver ved rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunens rekneskapar vert revidert på ein betryggande måte. Kontrollutvalet skal også gi uttale til kommunestyret om årsrekneskapen. Denne uttalen skal følge formannskapets innstilling til kommunestyret.

### Kontrollutvalets oppgåver ved forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen vert driven på ein måte som ivareteke innbyggaranes behov på ein best mogleg måte. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøke om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane forvaltast på ein effektiv måte. Forvaltningsrevisjon vil ha høg nytteverdi, både i utvalets kontrollverksemd, og i kommunens internkontroll og forbetringsarbeid.

Kontrollutvalet vil løpande rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret, samt sjå til at dei vedtak som kommunestyret fattar ved handsaminga av forvaltningsrevisjonsrapporter vert følgt opp.

Ifølge kommunelova § 23-4 inneberer eigarskapskontroll «å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring».

Når eit selskap har fleire eigarar er det som oftast formålstenleg å samordne felles eigarskapskontroll mellom eigarkommunane. Sekretariatet vil bidra med nødvendig samordning i kontrollutvala som bestiller.

## Øvrige saker

Oppgåvene nemnt ovanfor utgjer den mest ressurskrevjande delen av kontrollutvalets kontroll med forvaltninga og gjennomførast ved at utvalet gjer bestillingar hos revisjonen.

Utover dette handsamar kontrollutvalet mellom anna følgande saker:

- Bestillingar frå kommunestyret
- Fremme forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen
- Uavhengighetserklæringar frå revisor
- Planlagt revisjonsarbeid
- Gjennomført revisjonsarbeid
- Nummererte brev frå revisor
- Forenkla etterlevelseskontroll
- Rapporter frå statlege tilsynsorgan og kommunens oppfølging
- Verksemdsbesøk
- Orienteringar frå administrasjonen om aktuelle tema
- Førespurnader frå innbyggjarar
- Saker utvalet ønsker å ta opp på eige initiativ

## Kompetanse og opplæring

Kontrollutvalets oppgåver er mange og til dels krevjande. Kunnskap om kontrollutvalets rolle og oppgåver er nødvendig for å utføre dei oppgåvene som ligg til utvalet. Kontrollutvalet vert årleg invitert til mellom anna landskonferansen for kontrollutval i regi av NKRF – kontroll og tilsyn i kommunane og/eller Forum for kontroll og Tilsyn (FKT). Dette er samlingar som gir økt kunnskap, inspirerer og gir moglegheit for å knytte kontakt med andre kontrollutval. Opplæring kan også skje lokalt gjennom økt fokus på tema i møta og lokal konferanse i regi av Agder Sekretariat.

## Kontrollutvalets møteplan 2027

| Aktivitetar/Saker | 17.02 | 05.05 | 16.06 | 29.09 | 24.11 |
|---|---|---|---|---|---|
| Godkjenning av protokoll | x | x | x | x | x |
| Referatsaker | x | x | x | x | x |
| Orienteringar | x | x | x | x | x |
| Årsmelding for kontrollutvalet 2026 | x | | | | |
| Årsplan for kontrollutvalet 2028 | | | | | x |
| Årsregnskap og årsberetning 2026 | | x | | | |
| Uavhengighetserklæringer frå revisor | x | | | | |
| Revisjonsstrategi 2027 | | | | x | |
| Risiko og vesentlighetsvurdering forenkla etterlevelseskontroll | | | | | |
| Rapport forenkla etterlevelseskontroll | | | | | |
| Budsjett for kontrollutvalet 2028 | | | | x | |
| Verksemdsbesøk | | | | | |
| Interim/planlegging | | | | x | |
| Forvaltningsrevisjonsrapport | | | | | |
| Eigarskapskontroll | | | | | |
| Statlege tilsynsrapportar | x | x | x | x | x |
| Revisor orienterar | x | x | x | x | x |
| Eventuelt | x | x | x | x | x |

**Agder Sekretariat KO**

**Kontrollutvalet i Bykle kommune** **Sak 20/26**
**Møtedato: 11.11.26**
**Sakshandsamar: ILA**

## SAK 20/26 RAPPORT EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON SETESDAL BRANNVESEN IKS

**Vedlegg:**
Rapport frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 3. november 2026 (vedlegg i e post)

**Saksopplysningar:**
Kontrollutvalet gjorde i sitt møte 17.09.2025 ei tinging av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i Setesdal brannvesen IKS.

Problemstillingar:
Eigarskapskontrollen og forvaltningsrevisjonen er gjennomført med følgande problemstillingar.

Eigarskapskontroll:
- ✓ *I hvilken grad utøver Bykle kommune et aktivt eierskap overfor Setesdal brannvesen IKS basert på tydelige styringssignal?*

Forvaltningsrevisjon:
- ✓ *I hvilken grad ivaretar Setesdal brannvesen IKS sentrale brann- og redningstjenester i samsvar med brann- og eksplosjonsvernloven og eiernes styringssignal?*

Rapporten har på vanleg måte vore på høyring hjå Setesdal brannvesen IKS og Bykle kommune. Høyringssvaret står på side 106 - 109 i rapporten. Dagleg leiar og styreleiar i Setesdal brannvesen IKS er invitert til handsaming av saka i kontrollutvalet. Det same er kommunen.

Funn:
Konklusjonane nedanfor er henta direkte frå rapporten.

*Bykle kommune utøver etter revisjonens vurdering i all hovedsak et aktivt eierskap overfor Setesdal brannvesen IKS når det gjelder selskapets organisering og bemanning. Samtidig vurderer revisjonen at kommunen ikke gir tydelige styringssignaler for innholdet i og omfanget av de tilleggsoppgaver Setesdal brannvesen IKS skal ivareta utover de lovpålagte brann- og redningsoppgavene.*

*Setesdal brannvesen IKS ivaretar etter revisjonens vurdering i all hovedsak sentrale brann- og redningstjenester i samsvar med brann- og eksplosjonsvernloven og eiernes styringssignaler. Samtidig er det behov for tydeligere styringssignaler og avklaringer fra eierkommunene knyttet til tilleggsoppgaver utover de lovpålagte brann- og redningsoppgavene.*

Revisors tilrådinger:
På bakgrunn av dei vurderingane som er gjorde av revisjonen i rapporten, kjem dei med nokre tilrådingar om tiltak som bør gjennomførast av eigar og selskapet.

Revisjonen kjem med desse tilrådingane til Bykle kommune som eigar:

- ✓ Revisjonen anbefaler at Bykle kommune i den helhetlige ROS-analysen tydeliggjør hvilke oppgaver og beredskapsfunksjoner som er tillagt Setesdal brannvesen IKS utover de lovpålagte oppgaver.

- ✓ Revisjonen anbefaler at Bykle kommune i samarbeid med øvrige deltakerkommuner utarbeider eierstrategi for Setesdal brannvesen IKS.

- ✓ Revisjonen anbefaler at representantskapet sørger for at selskapsavtalen ajourføres i tråd med IKS-loven, samt at endringer i selskapsavtalen som omfattes av IKS-loven § 4 tredje ledd godkjennes av kommunestyrene.

- ✓ Revisjonen anbefaler at representantskapet bør ta inn i selskapsavtalen til Setesdal brannvesen IKS at selskapet skal ha en valgkomité, samt beskrivelse av mandat.

- ✓ Revisjonen anbefaler at representantskapet bør sikre at rekruttering til styret ikke begrenses til kommunalt ansatte.

- ✓ Revisjonen anbefaler Bykle kommune om å legge fram årsberetning og årsregnskap for Setesdal brannvesen IKS til orientering i kommunestyret.

- ✓ Revisjonen anbefaler Bykle kommune om å klargjøre at det er representantskapet som er klageorgan etter brann- og eksplosjonsvernloven.

- ✓ Revisjonen anbefaler Bykle kommune om å etablere en ordning for jevnlige eiermøter mellom kommunen og Setesdal brannvesen IKS.

- ✓ Revisjonen anbefaler at representantskapet sørger for at innkalling med saksliste varsles minst fire uker før representantskapsmøtet i samsvar med IKS-loven § 8.

- ✓ Revisjonen anbefaler at representantskapet sikrer at protokoller fra representant-skapsmøter underskrives av møteleder og to av representantskapets medlemmer i samsvar med IKS-loven § 9a.

- ✓ Revisjonen anbefaler at Bykle kommune som eier sikrer at kontrollutvalget og kommunens revisor blir varslet om representantskapsmøter.

Revisjonen kjem med desse tilrådingane til Setesdal brannvesen IKS

- ✓ Revisjonen anbefaler at Setesdal brannvesen IKS sikrer at adgangen til å inngå samarbeidsavtaler og utføre tilleggstjenester er hjemlet både i selskapsavtalen, eiernes styringssignaler og gjeldende regelverk.

- ✓ Revisjonen anbefaler at Setesdal brannvesen IKS tar inn i selskapsavtalen hvordan underskudd eller overskudd skal behandles i kostnadsfordelingen.

- ✓ Revisjonen anbefaler at Setesdal brannvesen IKS valg av fordelingsnøkler bør være faglig begrunnet, dokumentert og etterprøvbare.

- ✓ Revisjonen anbefaler at Setesdal brannvesen IKS utarbeider en oversikt som viser inntekter, utgifter og kostnadsfordelingen mellom eierkommunene.

- ✓ Revisjonen anbefaler at Setesdal brannvesen IKS sikrer anbefalt minimumskrav for sjåførkompetanse for brannmannskapet.

- ✓ Revisjonen anbefaler at Setesdal brannvesen IKS utarbeider skriftlige rutiner for bestilling, dokumentasjon, fakturering og oppfølging av tilleggstjenester.

**Vurdering:**
Som nemnt tidlegare i saka er eit viktig føremål med eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon å bidra til forbetring. Sekretariatet legg til grunn at rapporten vil vere eit nyttig grunnlag for eigar og selskapet sitt vidare forbetringsarbeid på området. Rapporten gir ei god framstilling av dei forholda som etter prosjektplanen skulle undersøkast.

Det er kommunestyret som gjer vedtak i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet. Sekretariatet rår kontrollutvalet til å innstille på at kommunestyret ber eigar og selskapet om å følgje opp revisjonen sine tilrådingar i rapporten.
Sekretariatet rår vidare til at det blir sett ein frist for når eigar og selskapet skal gi kontrollutvalet ei tilbakemelding om oppfølginga av tilrådingane.

**Framlegg til innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret ber eigar og selskapet fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i rapporten «Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i Setesdal brannvesen IKS.»

Kommunestyret ber eigar og selskapet gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.06.2027 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.

**Agder Sekretariat KO**

**Kontrollutvalet i Bykle kommune**

**Sak: 21/26**
**Møtedato: 11.11.26**
**Sakshandsamar: ILA**

## SAK 21/26 REVISOR ORIENTERAR

**Bakgrunn for saka:**
Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

**Framlegg til vedtak:**
Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

# Styre - Setesdal Brannvesen IKS
## Protokoll fra Styremøte 1/2026

| | |
|---|---|
| **Sted:** | Evje Brannstasjon |
| **Dato:** | 20. oktober 2026, 15:30 |
| **Deltakere:** | Jan Arild Åkre (daglig leder), Monica Verdal (styrets leder), Geir Knutsen (styrets nestleder), Albert Kjetså (styremedlem), Eirik Birkeland (styremedlem), Ole Alexander Pettersen (styremedlem), Petra Marie G. Trydal (styremedlem) og Trude Engesland (styremedlem) |
| **Deltok ikke:** | Fredrik Langfeldt og Hanne Skjeggedal Abrahamsen |
| **Møteleder:** | Monica Verdal |

Alle de formelle krav til innkalling og antall deltakere er oppfylt. Styrebehandlingen ble gjennomført som et hybridmøte.

### 18-1-2026 Godkjenning av innkalling og saksliste - Beslutning

Innkalling til styremøte med tilhørende dokumentasjon ble lagt frem for godkjenning.
Enstemmig vedtatt.

Det ble fattet følgende vedtak:

*Styret godkjenner møteinnkalling og saksliste.*

### 19-1-2026 Styreopplæring Orgbrain - Informasjon

Kristian fra Orgbrain gikk gjennom programmet sammen med styret.

Det ble gitt anledning for spørsmål underveis.
Styret er enige om at systemet ser ut til å være oversiktlig og tjenlig.

### 20-1-2026 Oppfølging av forrige styremøte (orienteringssak) - Informasjon

Protokoll fra forrige styremøte ble gjennomgått. Protokollen er signert digetalt.

### 21-1-2026 Orientering fra Ansattes representanter - Informasjon

Orientering fra ansattes representanter ble presentert. Ansattes representant Deltid, Albert Kjetså, orienterte om arbeidet med nytt utkast til lokal særavtale.
Ansattes representant Heltid, Ole Alexander Pettersen orienterte at ansatte etterlyser en lokal lønnspolitikk.

Styret tok informasjonen til etterretning.

### 22-1-2026 Orientering fra daglig leder - Informasjon

Daglig leder orienterte om bemanningssituasjonen i selskapet.
Styret tar informasjonen som ble gitt til orientering.



Dokumentet er signert med Orgbrain eSign - en standard elektronisk signatur i samsvar med EU-forordning 910/2014 (eIDAS).
Orgbrain eSign

**23-1-2026 Tertialrapport 2. Tertial** - Beslutning

Saken ble enstemmig vedtatt.

Det ble fattet følgende vedtak:

*Styret tar 2. tertialrapport 2026 og status for investeringer pr. september 2026 til etterretning.*

**24-1-2026 Endring av selskapsavtalen § 11 – økning av maksimal låneramme** - Beslutning

Styret drøftet saken.

Styret ber administrasjonen ta en utsjekk av saken med revisor.
Brannsjefens forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Det ble fattet følgende vedtak:

*Styrets innstilling til representantskapet:*

1. *Representantskapet vedtar å endre § 11 i selskapsavtalen for Setesdal Brannvesen IKS slik at maksimal låneramme økes fra kr 20 000 000 til kr 45 000 000.*
2. *§ 11 gis følgende ordlyd:*

   *"Selskapet kan oppta lån på inntil NOK 45 000 000 til investering. Dersom samlet låneopptak overstiger NOK 25 000 000 skal ytterligere låneopptak, uavhengig av størrelse, godkjennes av representantskapet."*
3. *Representantskapet oversender revidert selskapsavtale til eierkommunene for behandling og godkjenning.*

**25-1-2026 UTKAST - Eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon av Setesdal brannvesen IKS** - Informasjon

Styret tar rapportene til orientering.

Det var enstemmighet i alle avstemningene.

**Generelle kommentarer**

Nestleder ledet møtet under behandling av sak 18 og 19. Styreleder tiltrådte fra sak 20 og overtok møteledelsen.

* * * * *

20. oktober 2026

Monica Verdal

Monica Verdal
2026-10-21 12:21 UTC
60d4cc04d5471003abbb295e

Geir Knutsen

Geir Knutsen
2026-10-22 06:06 UTC
6a82cc7700ed7b95f2e9f7ef



Albert Kjetså

Albert Kjetså
2026-10-21 12:47 UTC
6a82cc5371b2d76ebf1cf161



Eirik Birkeland

Eirik Birkeland
2026-10-22 06:48 UTC
6a82ccf05d0206932db274a0




Ole Alexander Pettersen

Ole Alexander Pettersen
2026-10-22 06:17 UTC
6a82c8e15d0206932db236aa



Petra Marie G. Trydal

Petra Marie G. Trydal
2026-10-21 13:16 UTC
666d466f8cd1195e90d9650e



Trude Engesland

Trude Engesland
2026-10-21 12:40 UTC
6a82ccc3b0c3d5f2bff55a7a